



NORGES  
IDRETTSFORBUND



# ANLEGGSPOLITISK PLAN 2024-2028

For Nordland Idrettskrets

# SAMANDRAG

Denne anleggspolitiske planen er utarbeidd av Anleggsutvalet til Nordland Idrettskrets på vegne av styret. Planen skal være til støtte for Nordland Idrettskrets, idrettsråd, idrettslag, særkretsar, kommunar og fylkeskommunen eller andre det måtte angå. Den skal bidra til klårleik kring idrettskretsen sine målsetjingar, arbeidsmetodar og til godt samarbeid. Planen tek for seg tre prioriterte innsatsområde, med underliggende målsettingar:

## INNSATSOMRÅDE 1

**Fleire, betre og grønare anlegg der folk bur.**

### **Nordland Idrettskrets vil:**

- Arbeide for at alle kommunar har minst ein fleirbrukshall.
- Arbeide for etablering av eit paraidrettsenter i Nordland.
- Utarbeide ein behovsanalyse for idrettsanlegg i Nordland.
- Besøke alle idrettsråda minst kvart 4. år for å tileigne seg kunnskap om anleggsituasjon og anleggsbehov i kommunen.
- NIK skal arbeide med å styrke kompetansen om og evne til å gjennomføre gode og grønne anleggsprosessar i IL og IR, her under også drift.

## INNSATSOMRÅDE 2

**Økonomiske føresetnadar.**

### **Nordland Idrettskrets vil:**

- Arbeide for å vidareføre anleggsfondet.
- Arbeide for at alle idrettsråd går gjennom anleggsregisteret og kontrollerer nedlagte og eksisterande idrettsanlegg.
- Arbeide for ein fylkeskommunal forskotering av spelemidlar til idrettslag Nordland
- Arbeide for at idrettsanlegg som ikkje har rett på spelemiddel likevel kan få mva-kompensasjon
- Arbeide for at idrettslag får gratis halleige til borne- og ungdomsidrett i offentlege og klubbdrivne anlegg.

## INNSATSOMRÅDE 3

**Fleire store idrettsarrangement i Nordland.**

### **Nordland Idrettskrets vil:**

- Samarbeide med IL, IR og særkretsar for å tileigne seg ein oversikt over potensielle arrangørar av store idrettsarrangement i Nordland
- Rettleie og støtte idrettslag som ønsker å søke store meisterskap.
- Medverke til utforminga av ein arrangementstrategi i tett samarbeid med fylkeskommunen.



<b>SAMANDRAG</b> .....	2
Innholdsfortegnelse .....	4
<b>PRIORITERTE INNSATSOMRÅDE</b> .....	5
Fleire, bedre og grønnare anlegg der folk bur .....	5
Økonomiske føresetnader.....	8
Fleire store idrettsarrangement til Nordland.....	10

# PRIORITERTE INNSATSOMRÅDE

Nordland Idrettskrets skal i perioden 2024 til 2028 arbeide med tre prioriterte innsatsområder:

- 
1. Fleire, betre og grønare anlegg der folk bur.
  2. Økonomiske føresetnadar.
  3. Fleire store idrettsarrangement i Nordland.
- 

## FLEIRE, BETRE OG GRØNARE ANLEGG DER FOLK BUR

Nordland Idrettskrets (heretter NIK) vil at alle kommunar i fylket skal ha sin eigen fleirbrukshall. NIK skal fortsette å støtte prosessane med å bygge fleirbrukshall i kommunar som manglar dette (per 1.1.2024 er det Flakstad, Værøy og Beiarn). Nordland Idrettskrets ønsker å bidra til at flest mogleg har tilgang til anlegg som bidreg til breiast mogleg idrettstilbod.

For at alle, uavhengig av funksjonsgrad skal oppleve idretts glede må det være tilstrekkeleg med anlegg og kompetanse i lokalsamfunna. NIK skal arbeide for at det blir etablert eit paraidretts senter sentralt i vårt

fylke med ein mobil eining som oppsøka og utviklar paraidretten i heile fylket. Paraidretts senteret i Nordland skal bli eit kompetansesenter for paraidrettsutvikling i samarbeid med særvidretten, idrettslag, skular, og det offentlege. Målet er å introdusere fleire med funksjonsnedsetjingar for tilrettelagt aktivitet med kompetente instruktørar og godt utstyr. Paraidretts senteret skal bygge både vilje og evne til inkludere paraidrettsutøver i idretten gjennom bl.a. kursing av frivillige i idrettslag, lærarar i skulen og andre med sentrale funksjonar.

Det er i vedlegget til denne planen gitt ein kort statusoppdatering på anleggs situasjonen i Nordland, med søkelys på store avstandar mellom anlegg, lite breidde i idrettstilbod og geografiske områder med press på sine anlegg. For at ein slik analyse skal kunne nyttast i politisk og strategisk arbeid må ein gå i djupna på kunnskapsgrunnlaget, undersøke likskapar og forskjellar. Ein bør arbeide med dei lokale idrettsorganisasjonane for å få oversikt over behov lokalt og regionalt i Nordland. Det bør også gjerast arbeid med å undersøke reisevegen mellom anlegg egna for utvalde særvidrettar.



Nordland idrettskrets skal tileigne seg oversikt over kvar det trengst fleire idrettsanlegg, kva type sær-idrettar som har hatt spesielt stort behov for anlegg og i kva regionar desse bør ligge. Ein slik oversikt må utarbeidast og haldast oppdatert i tett samarbeid med idrettsråd, sær-idretten, og idrettslag. Det bør også gjerast ein vurdering på kor langt det er akseptabelt at ein ung utøvar reiser for å få tilgang til definerte idrettsanlegg.

Det er som oftast idrettslaga som er den viktigaste pådrivaren for å bygge idrettsanlegg, enten anlegget skal være offentleg eller privat. Det er derfor viktig at det i idretten finnes initiativ og evne til å sette i gong og stå i lange anleggsprosessar. Idrettsråda er høyringsinnstans i idrettspolitiske saker og dei er den beste

aktøren for å ivareta interessa til mangfaldet i idretten. Idrettsråda bør t.d. arbeide for at ein byggjar fleirbrukshaller og ikkje «gymsalar». NIK vil arbeide aktivt for at flest mogleg kommunar har eit velfungerande idrettsråd, og spesielt dei kommunane med meir enn tre idrettslag bør prioriterast.

Kompetanse om renovering, vedlikehald og prosjektering av idrettsanlegg er heilt avgjerande for å sikre eit godt idrettstilbod i fylke. Nordland idrettskrets ynska å tilby rettleiing, rådgiving og kursing i anleggsprosessar til idrettsråd. Det er tenleg å tilby denne tenesta i samband med eit besøk, og/eller på eit regionalt møte for idrettsråd, idrettslag og særkretsar. For å avgrensa ressursbruken til både frivillige og tilsette i idretten, og for å sikre størst

mogleg deltaking vil det være hensiktsmessig å lage ein handlingsplan for utviklinga av idrettsråda og idrettslag. Handlingsplanen bør ha som mål å styrke alle idrettsråd sin evne til å utføre pålagte oppgåve i høve til NIFs lov § 8-2, samt å påverke sin lokale anleggspolitikk i favør idrettens behov. I mindre kommunar bør tilsvarande tiltak være tilgjengeleg for idrettslaga.

Når idrettsanlegg skal byggast eller renoverast, skal det arbeidast for at anlegget blir berekraftig, miljøvennleg og energismart. NIK vil oppmoda til ein trygg og framtidretta driftsmodell med minst mogleg fotavtrykk på klima og natur. Eit viktig miljøtiltak vil være å forlenge levetid til eksisterande anlegg. Nordland idrettskrets ynska å oppmode idrettsråd til å vedlikehalde anlegg og oppgradere eksisterande anlegg framfor å bygge nye, der dette er hensiktsmessig. Nordland Idrettskrets skal være oppdatert på berekraftige alternativ i byggebransjen, og oppmode til å velje miljø- og naturvenlege alternativ. NIK skal dele kunnskap om berekraftige anleggsprosessar til idrettsråd og idrettslag.

---

### **Nordland Idrettskrets vil:**

- Arbeide for at alle kommunar har minst ein fleirbrukshall.
  - Arbeide for etablering av eit paraidrettssenter i Nordland.
  - Utarbeide ein behovsanalyse for idrettsanlegg i Nordland.
  - Besøke alle idrettsråda minst kvart 4. år for å tileigne seg kunnskap om anleggsituasjonen og anleggsbehov i kommunen.
  - Arbeide for å styrke kompetansen om og evne til å gjennomføre gode og grøne anleggsprosessar i IL og IR, her under også drift.
- 

*For at alle, uavhengig av funksjonsgrad skal oppleve idrettsglede må det være tilstrekkeleg med anlegg og kompetanse i lokalsamfunna.*



## ØKONOMISKE FØRESETNADAR

Vista Analyse har berekna den samfunnsøkonomiske gevinsten av å investere i idrettsanlegg. Investeringar i anlegg aukar fysisk aktivitet og rekruttering til idrett blant born og unge. For kvar krone investert i anlegg får samfunnet tre kroner attende, hovudsakleg gjennom auka arbeidsinnsats og betre helse. Rapporten understrekar viktigheita av varierte anlegg.

Aukande kostnadsnivå i samfunnet og ein pressa økonomisk situasjon har bidratt at etterlengta anleggsprosjekt kan bli utsett. Om viljen til å investere i idrettsanlegg svekkjast, risikera idretten i nord eitt etterslep på anleggdekninga som ikkje vil være mogleg å tette i omgåande framtid. Anleggsfondet har vært ein garantist for at idrettslag kan sette i gong med planlegging og prosjektering av potensielle nye idrettsanlegg, utan å tømme klubben for deira naudsynte eigenkapital. Anleggsfondet er inne i sitt siste år i 2024, og Nordland Idrettskrets ynsker å skaffe finansiering for ein ny periode.

Kvart år blir det gjort ein fordeling av nasjonale spelemidlar frå KUD til norske kommunar via fylkeskommunen. For å sikre at nordlandske kommunar får sin rettmessige del bør alle idrettsråd og idrettslag, i samarbeid med kommunen, gå grundig gjennom anleggsregisteret for å ettersjå at anlegg som i røynda er nedlagt også er definert deretter. NIK ynskja å tilby rettleiing til idrettsråda i dette arbeidet, samt å

motivere og stimulere til at dette arbeide blir gjort regelmessig.

Nordland Idrettskrets skal arbeide politisk for at alle anleggsprosjekt som har rett på spelemiddel mottek forskotering, enten frå staten eller fylke. Det vil være gunstig å ha ein lik ordning for heile Nordland. Om dette ikkje let seg gjere innan kort tid ynskja NIK å støtte idrettsråd og idrettslag som tilhøyrrar ein kommune utan ein forskudteringsordning med å etablere dette lokalt.

NIK vil arbeide for at ein skal bygge anlegg som kan kvalifisere til spelemidlar då desse midlane set kvalitetskrav til anlegget ut i frå dei idrettane som skal utøvast der. Samstundes vil NIK oppmodar idrettslaga til å bygge anlegg som er berekraftige både i eit miljøperspektiv og eit økonomisk perspektiv. Det blir feil å straffe idrettslag som byggjer anlegg i samsvar med sitt behov og sin økonomiske bereevne. NIK vil arbeide for at desse klubbane kvalifisera til MVA-komparasjon for behovstilpassa anlegg.

Nordland idrettskrets skal arbeide politisk for at idrettslag som leiger fylkeskommunale anlegg til organisert barne- og ungdomstreningar skal gjere dette gratis. NIK har som prinsipielt mål at born og unge skal ha gratis treningstid i spelemiddel-finansierte idrettsanlegg. Det offentlige må bidra i finansieringa av dette. Videre er det ynskeleg å støtte idrettsråd med å arbeide for at kommunen tilbyr gratis halleige for same målgruppe i sine anlegg.





---

### **Nordland Idrettskrets vil:**

- Arbeide for å vidareføre anleggsfondet.
  - Arbeide for at alle idrettsråd går gjennom anleggsregisteret og kontrollerer nedlagte og eksisterende idrettsanlegg.
  - Arbeide for ein fylkeskommunal forskotering av spelemidlar til idrettslag i Nordland
  - Arbeide for at idrettsanlegg som ikkje har rett på spelemiddel likevel kan få mva-kompensasjon.
  - Arbeide for at idrettslag får gratis halleige til borne- og ungdomsidrett i offentlege og klubbdrivne anlegg.
- 

*NIK har som prinsipielt mål at born og unge skal ha gratis treningstid i spelemiddel-finansierte idrettsanlegg.*

## FLEIRE STORE IDRETTS- ARRANGEMENT TIL NORDLAND

Konkurransar, turneringar, cupar, stemner og andre idrettsarrangement er eit naudsynte supplement til regelmessige treningar. Arrangementta kan gi motivasjon til utøvarane, meining til treninga, auke rekruttering av medlemmar og frivillige, stimulera til breiddeaktivitet og utvikling av toppidrett i regionen. I tillegg kan eit stort arrangement med mange tilreisande bidra økonomisk til arrangørklubb og lokalt næringsliv. Nordland er eit attraktivt reisemål for besøkande frå både Noreg og resten av verda. Store idrettsarrangement vil gi positive ringverknadar til det lokale næringslivet. Med *store idrettsarrangement* meina NIK i denne samanhengen meisterskap på NM-nivå og høgare, eller andre arrangement med minst 500 utøvarar. Det er viktig for Nordland Idrettskrets å arbeide for at fleire idrettslag i Nordland finn det attraktivt å arrangere store idrettsarrangement, samstundes som dei kjennar på minst mogleg risiko.

Dei fleste særforbund set tydelege krav til anlegget når ein skal arrangere eit meisterskap eller cup. Det er ønskeleg at idrettskretsen samarbeider med lokale idrettsråd og særkretsar om å kartlegge potensielle arrangement for ulike regionar, og arbeider saman om å få arrangementet til Nordland. I enkelte idrettar er det få anlegg i vår region som oppfyller særiddrettens krav til meisterskap. Til dømes finnes det ingen innandørsarena for friidrett, berre

ein ishall i Nordland og ein klatrehall som oppfyller krav til konkurranse og publikum på nasjonalt nivå. Dette betyr at utøvarane i desse greinene må reise uforholdsmessig langt for å delta i konkurransesituasjon.

Eit stort meisterskap kan også være eit godt initiativ til å restaurere, modernisere eller utvide eksisterande anlegg. I 2024 er Bodø Europeisk Kulturhovudstad, og det er lagt ein rekke idrettsarrangement til regionen, blant anna NM i bryting, symjing, orientering, jr. NM i friidrett samt at Eurogym kjem til byen med fleire tusen utøvarar. NIK skal samle felles erfaringar frå arrangørane i etterkant av meisterskapet og nytte desse for å betre legge til rette for framtidige arrangement. NIK vil at fylkeskommunen og idretten skal samarbeide om å lage ein fylkespolitisk arrangementstrategi.

---

### **Nordland Idrettskrets vil:**

- Samarbeide med IL, IR og særkretsar for å tileigne seg oversikt over potensielle arrangørar av store idrettsarrangement i Nordland.
  - Rettleggje og støtte idrettslag som ønsker å søke store meisterskap.
  - Medverke til utforminga av ein arrangementstrategi i tett samarbeid med fylkeskommunen.
-

Nordland er eit attraktivt reisemål for besøkande frå både Noreg og resten av verda. Store idrettsarrangement vil gi positive ringverknadar til det lokale næringslivet.





Foto: KI-generiert



Fellesskap

Mestring

Ærlighet

BEGYNN MED  
**IDRETT!**

**NORLAND IDRETTSKRETS**

**adresse** Idrettens Hus, Aspmyra Stadion, Bodø | **postadresse** Fridtjof Nansens vei 5, 8003 Bodø  
**www.idrettsforbundet.no** | **e-post** nordland@idrettsforbundet.no | **tlf** +47 75 71 14 00



# Vedlegg:

## Innhold

Anleggsutvalet og deira mandatet .....	16
Anleggsplan sin hensikt.....	16
Idretten Vil .....	16
Status i Nordland per 1.1.2023 .....	17
Anlegg .....	17
Mangfaldig idrettsanlegg.....	20
Miljø- og naturvennlige idrettsanlegg.....	20
Finansiering og økonomisk drift av anlegg .....	21
Store anlegg og kompetansemiljø i Nordland .....	22
Aktører i planprosessen.....	24
Idrettslaga .....	24
Kommunen.....	24
Idrettsrådene .....	24
Særidretten / særkretsar/regionar.....	24
Nordland fylkeskommune.....	24
Nordland Idrettskrets.....	25
Bilete .....	26



## Anleggsutvalet og deira mandatet

Anleggsutvalet er valt av styret i Nordland Idrettskrets i to-årsperiodar for å fremja god anleggsutvikling i Nordland. Utvalet består av fem medlemmar som representerer ulike idrettar og geografiske område av fylket. I perioden 2022-2023 har Trond Olsen frå Bossmo & Ytteren IL vore leiar for utvalet, med Siri Elise Bjørgås frå Svolvær Alpinklubb som nestleiar. Ørvig medlemmar har vært Emil Agersborg Bjørnå frå FK Mjølner, Airin Nilsen frå Melbo Turnforening og Tom Mørkved frå Bodø/Glimt.

Anleggsutvalet skal arbeide for å tileigne seg ein god oversikt over anleggs situasjonen i fylket og undersøke kva faktorar som er viktig for å betre anleggsutviklinga. Dette skal danne grunnlag for ein anleggsplan som reviderast kvart fjerde år. Utvalet skal samarbeider med idrettsråd, særkretsar og klubbar med hensikt om å bygge fleire og betre idrettsanlegg i Nordland. Ved prioritering av spelemiddelsøknadar har utvalet innstillingsrett ovanfor styret. Utvalet skal samarbeide med idrettsråd og kommunar, samt tilbyr kompetanse til idrettslag og kommunar som skal bygge idrettsanlegg.

## Anleggsplan sin hensikt

Anleggsplanen skal være eit verktøy for å nå Nordland Idrettskrets (NIK) sine målsetningar om å sikre Idretten i Nordland gode og velhalde anlegg der det er behov for dei. Anleggsplanen skal synleggjere Idrettskretsen sin anleggspolitikk og være et styringsdokument for idrettskretsens sitt styre, anleggsutvalet og administrasjon.

Planen skal være eit verktøy NIK, Idrettsråd, sær idretten, idrettslag og det offentlege med den hensikt om å gi ein felles plattform for godt samarbeid i anleggsutviklinga. Den skal sørge for samhandling i anleggsprosjekt mellom idrettskrets, idrettsråd, idrettslag, sær idrettar, særkretsar, kommunar og fylkeskommunen. Planen skal gi retningslinjer for kva som er viktige mål og verkemidlar i Nordlandsidretten i den gjeldande perioden. NIK har hatt anleggspolitiske planar sidan 2012 som har bidrege til regelmessige analyser av anleggs situasjonen, definering av mål og tiltak. Mange faktorar påverkar anleggsutviklinga i Nordland, og denne planen skal tydeleggjere mål og innsatsområder som NIK skal jobbe med i gjeldande periode.

Tidlegare planer har vært til stor hjelp med blant anna å synleggjere viktigeita av fleirbrukshaller i alle kommunar, bygging av idrettshaller framfor gymsalar og tydeleggjere ein konsekvent idrettspolitikk til fylkeskommunen. Etter fleire års målretta arbeid frå både utvalet og NIK sitt styre, vart administrasjonen auka frå fem til seks tilsette. Ein ny stilling som rådgivar for anlegg, politikk og idrettsråd vart dermed oppretta hausten 2023. Dette gir meir ressursar til oppfølging av planen.

## Idretten Vil

Nordland Idrettskrets arbeidar for at alle skal oppleve idrettsglede. Draumen er at alle som ynskjer å drive med idrett skal finne sin plass i idrettsorganisasjonen og ha ein stad å utøve sin idrettsaktivitet. Dette skal gjerast i tråd med NIF sin langtidsplan for norsk idrett 2023-2027: *Idretten Vil*.

*Idretten Vil* slår fast at det er ikkje bustaden som skal avgjere kvaliteten på idretts- og anleggstilbodet til born, unge eller vaksne. NIF vil arbeide for at det byggast gode anlegg som legg til rette for eit mangfaldig idrettstilbod, tilgjengeleg og tilpassa for alle. Morgondagens anlegg er miljøvennlege, berekraftige og energismarte anlegg. Ein bør






arbeide for å rehabilitere gamle, umoderne og utslitne anlegg, og unngå unødvendig nedbygging av urørt natur i størst mogleg grad. Kostnadane ved bruk av idrettsanlegga må være lågast mogleg, slik at alle kan delta på idrettsaktiviteten.

## Status i Nordland per 1.1.2023

I Nordland finn vi den lågaste idrettsdeltaking av alle fylka i Noreg, berre 21% av befolkninga er medlem i idretten.


Idrettsanlegg er heilt naudsynt for å kunne drive organisert idrett i Nordland, men anlegg er meir enn nybygg. Det handlar i stor grad om vedlikehald av eksisterande anlegg, variasjon og mangfald av ulike anleggstyper, anlegg for konkurranse, arrangement og trening samt tilrettelegging for alle aldrar og brukargrupper. Det er viktig å ha anlegg med gode driftsmodellar som sikrar låge kostnader for klubben, utøvarer og dei frivillige. Det er eit krevjande arbeid å skaffe oversikt over anleggs situasjonen i Nordland og det er naudsynt å gjere ein avgrensing av kartlegginga basert på særvidrettar, kommunar og regionar i samarbeid med særvidretten og Idrettsråda.



Figur 1: Idrettsdeltaking etter % av innbyggjarane

## Anlegg


Det er viktig med anlegg som ligg nært der folk bur, og med eitt attraktiv og mangfaldig idrettstilbod. I følgje tal henta frå Power BI/Aanleggsregisteret.no har Nordland 2880 anlegg (friluftsanlegg og aktivitetsparkar er utelaten frå statistikken). Det er viktig å være klar over at Nordland er det fjerde største fylke, og med den nest lågaste befolkninga. Trass mange anlegg i fylket er det langt mellom anlegga. I Nordland finn ein eitt anlegg per 12,4 km<sup>2</sup>. Til samanlikning er Værøy 18km<sup>2</sup> og Røst 10km<sup>2</sup>. Trøndelag har anlegg per 7,7km<sup>2</sup> og Vestland per 6,1 km<sup>2</sup>.



Figur 2: Tal på eksisterande anlegg per fylke. Nordland er på 7. plass med 2880 anlegg



Det er få innbyggjar per anlegg i Nordland, noko som kan tyde på lite press på treningstid. Gjennomsnitt for alle anlegg i heile Nordland tek ikkje høgde for variasjonane mellom ulike typar anlegg, ulike idrettar eller ulike regionar. Størst er presset i Alstahaug, Bodø, Sortland og Vestvågøy kommune. Truleg er presset spesielt stort på fleirbrukshaller og innandørsanlegg. Både samfunnet og idretten endrar seg stadig, og fleire idrettar ynskja no å flytte aktivitetane innandørs. Eit døme er futsal som i Nordland har gått frå eit fåtal lag i 2020 til over 140 lag i 2023.



Figur 3: Anlegg per kommune. Mørkare farge indikera fleire anlegg

Fylke	innbyggjarar per anlegg	km <sup>2</sup> per anlegg
Oslo	178	0,1
Rogaland	124	2,2
Viken	147	2,6
Agder	79	3,7
Vestfold og Telemark	103	3,8
Møre og Romsdal	84	4,3
Vestland	123	6,1
Trøndelag	94	7,7
Innlandet	66	8,7
Nordland	84	12,4
Troms og Finnmark	92	12,8

Figur 4: Viser fylker og deira tal på innbyggjare per idrettsanlegg og km<sup>2</sup> per anlegg

Kommune	km <sup>2</sup> per anlegg
Grane	50,2
Beiarn	48,9
Hattfjelldal	39,5
Saltdal	36,9
Vevelstad	35,9
Bindal	31,6
...	...
Bodø	4,0
Værøy	2,6
Herøy	2,5
Træna	1,5
Røst	1,3


Kommune	innbyggjarar per anlegg
Alstahaug	235
Bodø	152
Sortland	134
Vestvågøy	133
Vågan	106
Hadsel	105
...	...
Sørfold	35
Bindal	35
Rødøy	31
Vevelstad	30
Hattfjelldal	19

Figur 5: Viser kommunane i Nordland med flest og færrest innbyggjarar per anlegg

Figur 6: Viser kommunene med mest og minst areal per idrettsanlegg.



Nordland følger ein i hovudsak dei nasjonale trendane når ein ser på populariteten til ulike idrettsgreiner. I vårt fylke er dei mest populære særiddrettane fotball, gym- og turnaktiviteter og langrenn. Om ein derimot ser på populære idrettsgreiner relativt til medlemstal nasjonalt får vi oversikt over differansen mellom idrettar som er meir eller mindre populære samanlikna med nasjonale tal. Då ser me at klatring, fotball, gym- og turnidrettar samt langrenn er spesielt populære i Nordland, medan golf, tennis og handball skil seg ut som mindre populære samanlikna med nasjonale tal. Årsaka til at enkelte idrettar skil seg ut som vesentleg meir populære eller upopulære er vanskeleg å slå fast, men vi ser at fleire av idrettane som er mindre populære i vårt fylke utøver sin idrett innandørs og/eller i kostnadsnevjande anlegg. Andre årsaker til forskjellane kan ligga i klima eller kulturen.



Figur 7: Viser differansen (i %) mellom medlemstala i ulike idrettar nasjonalt og på fylkesnivå i Nordland. Talla frå tre ulike gym/turnidrettar er slått saman.



## Mangfoldig idrettsanlegg

Det har i mange år vært ein kampsak for Nordland Idrettskrets å få etablert minst ein fleirbrukshall i kva kommune. Kulturdepartementet (KUD) har, i samarbeid med NIF, definert ein fleirbrukshall som «ein hall som brukas vekselvis til mange idrettar. Til dømes badminton, basketball, bordtennis, handball, innebandy og volleyball, og til anna fysisk aktivitet, utan spesiell klargjering eller omgjering med tap av brukstid mellom dei ulike aktivitetane». Ein *liten Idrettsal* må være 25x45 meter for å være kvalifisere til spelemiddel. I tillegg bør takhøga være minst 7 meter for at mange av de nemnte idrettane skal kunne utøvast. Mindre salar blir ofte omtala som *aktivitetssal* eller *gymsal*.

Vinteren i Nordland er lang, og mange idrettslag treng innandørs lokale for å kunne oppretthalde kontinuitet i sin aktivitet. Per 1.1.2024 er det tre kommunar som står utan ein fleirbrukshall, det er Flakstad, Værøy og Beiarn. Dei to førstnemnte er i gang med bygging, medan Beiarn er i prosess med planlegging. I tillegg finnast det kommunar i Nordland som nyttar ulike formar for «gymsalar» som ikkje oppfyller banemåla til idrettane nemnt i definisjonen over, og fleire kommunar vil hevde at dei ikkje har ein fullverdig fleirbrukshall etter KUD sin definisjon. Dømer på slike gymsalar finn vi i bl.a Gildeskål og Hattfjelldal. Det er viktig at ein ved bygging av skular eller idrettsanlegg prioriterar å tilpasse banestørrelsen for idretten.

Det er viktig med ein breidde av ulike anlegg for å inkludere alle potensielle brukargrupper på tvers av både kjønn, alder, interesse, funksjonsgrad eller ambisjonsnivå. I Nordland er det mange kommunar med eit smalt idrettstilbod. I 13 nordlandskommunar er fem eller færre særforbund representert. Sjå tabell 7.

Nordland består av mange små kommunar og lange avstandar. I desse kommunane får idrettsråda ei spesiell viktig rolle for å samhandle mellom idrettslag og særidrettar, også på tvers av kommunegrenser. Idrettsråda kan ta ein sentral rolle for å sikre at innbyggjarane får eit breitt og inkluderande idrettstilbod. Av 41 kommunar i fylket er det 30 kommunar som etter NIFs lov er pålagt å ha idrettsråd, medan resterande elleve kan velje. Per 2023 er det etablert 28 idrettsråd i fylke, og ikkje alle desse utfører naudsynte arbeidsoppgåver som å avhalde eit gyldig årsmøte eller fordel Lokale Aktivitetsmidlar (LAM). Denne praksisen svekker det lokale idrettsdemokratiet og kan ha ein negativ påverking på mangfaldet i deira lokale kommune og region.

## Miljø- og naturvennlege idrettsanlegg.

Dokumenta "Idretten vil! Langtidsplaner for norsk idrett 2023-2027", "Idretten skal! Fleire og betre anlegg 2019-2023" og «Idrettens bærekraftsstrategi» frå NIF slår fast at idretten skal ta eit miljøansvar i planlegging, bygging og drift av idrettsanlegg. Ved bygging og utbetring av idretts- og nærmiljøanlegg er det viktig å vurdere miljø- og klimapåverknaden. Miljøhandboka for norsk idrett, skapt av Norges Idrettsforbund og

Kommune	SF representert
Evenes	1
Værøy	1
Træna	1
Flakstad	2
Vevelstad	2
Røst	2
Moskenes	3
Grane	3
Beiarn	4
Bindal	5
Rødøy	5
Vega	5
Lurøy	5
Herøy	5
...	...
Fauske	35
Vefsn	38
Narvik	57
Rana	58
Bodø	83

Figur 8: Viser kommunene med mest og minst særforbund representert igjennom idrettslaga.



Greener Events, er eit verktøy for særforbund, idrettskretser og idrettslag for å bidra til å ta vare på miljøet.

Idretten har eit stort ynskje om å bidra i det grøne skiftet ved å ta berekraftige, natur- og miljøvennlege val. Fleire særforbund har set i gang interne prosjekt, som t.d. Skiforbundet med «Snow for the future». Idretten påverkast òg av stadig fleire forbod knytt til planlegging, bygging og drift av anlegg, som salsforbod av lysrøyr med kvikksølv, eller det kommande omsetningsforbodet av gummigranulat (gjeldande frå 31. august 2031). Miljødirektoratet set krav til utforming og drift av idrettsanlegg, t.d. kunstgrasbaner. Idrettslag, frivillige styremedlemmer og andre med ansvar for anlegg har ofte ikkje fullstendig oversikt over korleis gjeldande eller kommande påbod og forbod kan påverke deira anlegg. Manglande overhald av miljøkrav kan føre til bøter for eigarar av idrettsanlegg. Sjølv om miljøkrav til anlegg eller næringar som idretten handlar av truleg vil auka investeringsbehova framover, kan det også bidra til lågare drifts- og vedlikehaldskostnader over tid. Det finnes ein rekke stønadsordningar for bl.a. frivillige lag, - organisasjonar som vurderer å renovera eller bygge miljøvennleg, bl.a. i regi av Sparebank1 Nord-Norge (SNN).

### Finansiering og økonomisk drift av anlegg

I 2018 blei Anleggsfondet etablert i tett samarbeid med SNN, Troms- og Finnmark Idrettskrets. Sidan 2018 har NIK mottatt søknadar på nesten 12 millionar, og NIK har gjort tildelingar på over 4,3 millionar kroner. Tildelingane frå fondet har bidratt til den tidlege fasen av planlegging og prosjektering av idrettsanlegg.

Dei aller fleste idrettsanlegga som blir bygget i Nordland har spelemidlar som ein sentral del av sin finansieringskjelde. Anleggbygger mottok desse midlane av Kulturdepartementet (KUD), via fylkeskommunen som igjen gjer ein kommunal fordeling. Spelemidlane blir fordelt etter geografiske omsyn og etter anleggsdekning for ulike aktivitetar. Andre vanlege finansieringskjelder til idrettsanlegg er kommunale bidrag, pengegåvegåver, stønader, dugnad, forskoterte leigeinntektar, eventuelt lån og mva-komposisjon.

	Anleggsfondet	
	søkt	tildelt
2018	kr 2 032 033,00	kr 715 000,00
2019	kr 1 480 000,00	kr 372 500,00
2020	kr 2 819 000,00	kr 1 280 000,00
2021	kr 1 250 000,00	kr 190 000,00
2022	kr 2 514 856,00	kr 971 000,00
2023	kr 1 900 000,00	kr 785 000,00
2024		
<b>Totalt</b>	<b>kr 11 995 889,00</b>	<b>kr 4 313 500,00</b>

Figur 9: søknadar og tildelingar for anleggsfondet i Nordland

Idrettslag som byggjer anlegg som er godkjent for spelemidlar, kan søkje om mva-kompensasjon (også kjent som momskompensasjon) gjennom ei eiga ordning. Ordninga for anleggs-moms har same krav til dokumentasjon som søknad om spelemidlar, og dei får då refundert 25%. Idrettslag som byggjer anlegg som ikkje er kvalifisert til spelemidlar får ingen momsrefusjon, fordi dei heller ikkje kan ta med desse kostnadene når dei søker om refusjon for ordinær vare- og tenestemoms. Kostnadar for nybygg, påbygg eller ombygging skal trekkjast frå når dei rapporterer inn klubbens driftskostnader. På landsbasis var er det i 2023 heile 565 små idrettslag (under 5 millionar i driftskostnader) som trekte ut avskrivningar på anlegg meir enn kr 25.000,-. Desse idrettslaga fell mellom to stolar og må finansiere sine anlegg utan spelemidlar eller momskompensasjon.



I perioden frå 2015 til 2023 har Nordland sin tildeling over spelemidlane auka frå 61 millionar til 105 millionar. Auking kjem i hovudsak av at den nasjonale summen spelemidlar har auka. Andre faktorar som er av betydning for den nasjonale fordelinga er talet på innbyggjarar per registrerte «eksisterande anlegg» i anleggsregisteret. I 2023 blei 31% av godkjente spelemiddelsøknadar innvilga i Nordland, mot 23% i 2015. I Nordland er det nokre kommunar som vel å forskotere spelemidlar for klubbar som bygger idrettsanlegg, medan andre kommunar ikkje gjer det. I kommunar utan forskotering er det vanleg at idrettslag tek opp lån for å dekke byggekostnadene i påvente på spelemidlar blir utbetalt. Dette medfører høge rentekostnadar i perioden frå byggestart til spelemidlane er fullt utbetalt.

I kommunale idrettshallar er det i Nordland vanleg at kommunane dekker idrettslaga sine leiekostnadar for borne- og ungdomstreningar. I Nordland er det 34 kommunar som i 2023 rapportera via Kostra (KOMmune-STat-RAPportering) at dei tilbyr gratis halleige til idrettslag, medan fem kommunar dekker deler av kostnaden, dette gjeld Evenes, Narvik, Steigen, Træna og Vestvågøy. Dei to resterande kommunane, Brønnøy og Moskenes dekker ikkje halleige for idrettslag når de organiserer barne- og ungdomstreningar. I nokre få tilfelle vel kommunar også å dekke organisert trening for vaksne. I nokre områder finansierer kommunen treningstida også når anlegget er privat eigd, t.d. av eit idrettslag som leiger ut treningstid til ein anna klubb. Dette kan bli gjort via ein standar prissetting lik kommunale anlegg, eller via driftsstøtte til idrettslag med som byggar og driftar idrettsanlegg på vegne av fellesskapet og lokalmiljøet. Nokre enkelte kommunar dekker også idrettslaga sin kostnad for å leige haller/idrettsanlegg til arrangement og konkurransar. Det er stor variasjon mellom kommunar, landsdelar, idrettar og målgruppe. I dei områda der idrettslaga ikkje mottek kommunal stønad til leige av treningsanlegg utgjer dette ofte 50-60% av klubbar sine totale utgifter.

I idrettsanlegg som er eigd av fylkeskommunen har det vært normal praksis at idrettslaga betalar for leige av lokala, sjølv om det finnes unntak. I desember 2023 vedtok derimot fylkeskommunen at deira lokalar og anlegg skal lånast ut til bl.a. idrettslag- og foreningar gratis eller til den faktiske kostnadsprisen det er å leige ut. NIK vonar om at dette vedtaket blir følgt av dei som forvalta fylkeskommunens anlegg.

### **Store anlegg og kompetansemiljø i Nordland**

Nordland er eit attraktivt reisemål og har i lang tid hatt tradisjon for å arrangere store meisterskap og idrettsarrangement. I nyare tid kan ein vise til ein rekke nemneverdige arrangement: Alstahaug har arrangert NM i styrkeløft, Fauske har hatt VM og NM i ulike dansegreiner, samt NM i langrenn og bryting. Narvik har arrangert NM i alpint, Rana har NM i kombinert, Roadracing og Landeveisykling. I tillegg har Bodø kommune vært vertskap for ein rekke meisterskap, deriblant orientering boksing, bordtennis samt arrangert norgescup i klatring, og vært vertskap for store idrettsprestasjonar i fotball og handball. Utover dette ser vi også at fleire og fleire private aktørar vel å starte opp eller ta over eksisterande idrettsarrangement for både toppidretten og breiddeidretten i Nordland. Her er Arctic Race of Norway(sykkel), The Actic Tripple (løp, triatlon og ski) og Lofoten Skyrace (løp) dømer på store idrettsarrangement som arrangerast av aktørar utanfor den organiserte idretten. Dette er store arrangement som stiller krav til kompetanse, økonomiske musklar og ein ressursbruk som idrettslag ofte ikkje opplev at dei har. Det er viktig at idretten har vilje, evne og moglegheit til å arrangere store arrangement i nord.



Eit NM, VM eller eit stort breiddearrangement kan ha ein stor økonomisk gevinst for idrettslag, som igjen forplantar seg ut til lokalbefolkninga via eit betre og billigare idrettstilbod. Lokalt næringsliv dreg også godt nytte av store arrangement. Skiskyttarforbundet har estimert at ein NM gir ein ringverknadsverdi på 6,5 millionar kroner i form av overnatting, mat, reise, arrangementkostnadar med meir. I tillegg kjem andre positive effektar av store arrangement. Sidan 2015 har Bufetat og Arctic Race of Norway (ARN) hatt en samarbeidsavtale kor Bufetat nyttar arrangementet som en plattform for å auke rekruttering av fosterheimar. Til vanleg har Bufetat i gjennomsnitt 7,4 førespurnadar per veke om å bli fosterheim. Veka under og etter arrangementet i 2019 fekk Bufetat til saman 37 førespurnadar. I Nord-Norge auka tal på førespurnadar med 153%, men for avdelinga i Sortland, kor arrangementet var, var aukinga på 400%.

Store meisterskap er viktige for idretten, reiselivsnæringa og anna næringsliv. Derfor har NIF saman med Innovasjon Norge utforma ein nasjonal arrangementsstrategi. Det er viktig å vise fram betydninga og ringverknadane desse arrangementa har. Store meisterskap kan påverke anleggsprosessar, motivere og rekruttere frivillige og utøvarar, promotere destinasjonen og auke talet på tilreisande.

«Det å kaste seg ut i konkurransen om å vere vertskap for internasjonale idrettsarrangement krev både tid, ressursar og kompetanse. For å gjere både nye, og eksisterande arrangement meir givande, satsar vi, saman med Innovasjon Norge, på innovative og berekraftige løysingar. No vil vi oppfordre fleire særforbund til å søke store og små internasjonale meisterskap til Noreg», sa Berit Kjøll i 2021, dåverande president i Norges idrettsforbund.

«Mens det sportslege er det sentrale for utøvarane, skapar arrangementa store ringverknader for lokalsamfunn og for Noreg som heilskap. Det er gledeleg av vi saman med Norges idrettsforbund, særforbunda og reiselivsnæringa satsar i fellesskap for å skape fleire store idrettsøyeblikk her heime i Noreg», seier Håkon Haugli, administrerande direktør i Innovasjon Norge.

«Det å få internasjonale meisterskap til Noreg krev ofte eit sterkt samarbeid mellom idretten, det offentlege og reiselivsnæringa», seier konstituert reiselivsdirektør Frode Aasheim i Innovasjon Norge. «Desse meisterskapa gir ofte store verdiar til samfunnet rundt, både økonomisk, men også på andre område som tettare samarbeid, frivillighet, bu-lyst og merksemd. Reiselivsnæringa har stor inntening på desse arrangementa, som finn stad i heile Noreg, heile året. Derfor er vi glade for at vi samarbeider tett med idretten, og med reiselivsnæringa, for at fleire internasjonale meisterskap skal finne vegen til Noreg.»

Arrangementstrategien til NIF og Innovasjon Norge strekk seg fram til 2030 og tek sikte på fleire internasjonale arrangement til Norge. Alle meisterskap i Norge må ligge i eit fylke, og vi er glade for at Narvik søker om VM i alpint i 2029. Utover dette er det også planlagt ein rekke NM og andre store arrangement til Nordland dei neste åra, ikkje minst i samband med at Bodø er Europeisk Kulturhovudstad i 2024.

## Aktører i planprosessen

Planlegging og bygging av nye idrettsanlegg er komplekst, og det er mange aktører involvert frå anlegget er på idé-stadiet til det ferdigstillast og anlegget til slutt er nedbetalt. Her følger en kort oversikt over de viktige aktørane som er involvert i realisering av nye idrettsanlegg.

### Idrettslaga

Idrettsaktiviteten med omliggande arrangement, dugnad, vedlikehald m.m. blir skapt og utøvd av idrettslaga. Dette gjer at Idrettslaga kjenner behovet for anlegget veldig godt. Det er derfor naturleg at dei tek initiativ til utvikle anlegget frå ide til ferdigstilling. I Nordland er det vanleg at idrettslaga eig sine egne anlegg, det betyr at det er idrettslaga som søker om spelemidlar ved bygging eller renovering og som står for drift av anlegget.

### Kommunen

I nokre høve er det kommunen som eig idrettsanlegget eller grunnen det nye anlegget skal stå på, då er det kommunen som må være søker av spelemidla og være eigar av prosjektet. Uavhengig av eigarskapen til anlegget vil kommunen ha ei sentral rolle i utbygginga. Planlegginga skal skje gjennom revidering og rullering av kommunal idrettsplan. Kommunar skal involvera idretten i dette arbeidet gjennom fortrinnsvis idrettsrådet og eventuelt idrettslaga der idrettsråda ikkje eksisterer. Kommunen bør også vurdere moglegheita for eit interkommunalt anlegg og behovet for anlegg som kan dekke eit aktivitets- og arrangementsbehov for ein større region.

### Idrettsråda

Alle kommunar med meir enn tre idrettslag skal ha eit idrettsråd. I dei høva der det er færre idrettslag kan ein opprette idrettsråd om det er ynskjeleg. Det er hensiktsmessig at idrettsrådet arbeider for å definere idrettens egne behov for anlegg i deira kommune. Idrettsrådene skal arbeide for å ivareta idretten sine interesser og behov ovanfor kommunen, til dømes ved å sikre areal til idrettsanlegg i forbindelse med kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Idrettsrådene skal koordinera eit samarbeid mellom kommunen og dei klubbane som ynskjer og nytte seg av anlegget. Når det er meir enn eitt anleggsprosjekt på gang i same kommune skal Idrettsrådet samordne og prioritere desse. I dei kommunane der idrettsråda ikkje eksistera er det naturleg at kommunen og særkretsen tek ein større rolle i anleggsprosjektet.

### Særidretten / særkretsar/regionar

Aktuelle særidrettar (krets/region/forbund) bør tidlegast mogleg inviterast til å delta i prosessen med anleggsutviklinga. Særidrettar har ofte spesifikke behov på alt frå størrelse til farge på veggjar og tak, byggmateriale, akustikk og likande for at deira idrett skal kunne utøvast. Dei har også og egne strategidokument, som til dømes anleggsplanar eller mål- og handlingsplanar. Dette er nyttige dokument når idrettslag eller de offentlege vurderer å tilrettelagte for ein særidrett i eit kommande anlegg, eller renovering av eit eksisterande.

### Nordland fylkeskommune

Kvart år blir det gjort ein fordeling av nasjonale spelemidlar frå KUD til norske kommunar via fylkeskommunen. Det er fylket som har gjennomfører opplæring for kommunalt tilsette som arbeider med spelemidlar lokalt. Fylkeskommunen føretek den endelege





prioritering av spelemidlane til idrettsanlegg i eige fylke, og fylkeskommunen skal lytte til idretten sine behov og ynskjer når dei utfører tildelinga. Nordland Idrettskrets gir uttrykk for desse ynskja og behova på vegne av heile Nordlandsidretten. Fylkeskommunen skal støtte alle anleggsbyggjarar gjennom kvalifisert rådgiving og rettleiing i alle deler av anleggsprosessen. Fylkeskommunen skal vektlegge idrettens eigne prioriteringar og legge desse til grunn for ved utarbeiding av arealplanar og handlingsplanar for idrett. Fylkeskommunen kan også bidra til anlegg for å støtte anlegg som er av stor betydning for fylket.

### **Nordland Idrettskrets**

Nordland idrettskrets skal gjere det lettast mogleg for kommunar og idrettslag å bygge gode anlegg der dei trengst. Nordland idrettskrets skal ha ein koordinerande rolle i anleggsprosessen med mål om å bidra til at flest mogleg opplev mest mogleg idrettsglede ved å ha ein overordna perspektiv på tvers av særiddrettar, idrettsråd og regionar. Idrettskretsen skal lytte til særiddretten og idrettsråd for å kjenne idrettens behov i alle delar av fylket. Kretsen har det formelle samarbeidet med fylkeskommunen, både gjennom anleggspolitisk kommunikasjon og prioritering av spelemidlar. Kretsen skal arbeide politisk for å sikre idretten betre rammevilkår i Nordland. Idrettskretsen skal tilby idrettslag og anleggsbyggjar rettleiing i prosessarbeid for bygging eller -renovering av idrettsanlegg.



## Bilete



Bilde av solcellene på Mørkvedbokta skule og idrettshall.

Bilde er av Ole Arne Thorsvik. Bodø Kommune.

Foto: Anne Jortveit, v. Norsk Klimastiftelse.

Anlegget opna 2021



Narvik Ungdomsskule, med eigen fleirbrukshall. Bygget opna i 2020





Åga Hallen. Opna i 2018.

Anlegget er bygget av Hallselskapet på oppdrag av Åga IL

Foto: Dan-Roger Nerdal (Åga IL)



Åga Hallen med nærområde

Foto:  
Kathinka Kappfjell  
Herbst





Svarthopen  
diskgolfbane Bygget  
av Brønnøysund  
idrettslag på  
kommunal grunn.

Ideen om anlegget  
oppstod i august 2023,  
og i desember same år  
blei anlegget opna.

Foto: Espen Slotvik



Torghatten Arena i  
Brønnøysund.

Opna i 2022

Foto: Jøran Horn



Valnesfjord skule  
med fleirbrukshall.

Opna i 2018

Foto: Svein Idar  
Hansen



Stålhallen

Mo i Rana

Opna i 2020

Foto: Gørn  
Zakariasen



Klatreseilene i  
Brønnøy

Opna i 2020

Foto: Brønnøy  
kommune)



SNN Arena i  
Rognan.

Opna i 2019

Foto:  
Fotballklubben  
Saltalkameratene



Hamarøyhallen.

Opna i 2022

Foto Anne Berntzen

